

Velkommen til

Årsmøte 2014

Førde Brukshundklubb



Tysdag 24.februar 2015 kl. 19.00

Rødekorsbygget i Førde

Sakliste:

- Sak 1 Val av møteleiar, ordstyrar og referent
- Sak 2 Godkjenning av innkalling
- Sak 3 Godkjenning av sakliste
- Sak 4 Val av protokollunderskrivarar og tellekorps
- Sak 5 Godkjenning av årsmelding for år 2014
- Sak 6 Godkjenning av årsrekneskap for år 2014
- Sak 7 Innkomne saker
- Sak 8 Val

Årsmelding 2014

Styret i Førde Brukshundklubb har i året 2014 bestått av følgende personar:

Leiar	Katrin Bøyum
Nestleiar	Kate Yndestad
Sekretær	Gro Janne Lærum
Kasserar	Irene M. Sønnervik
Styremedlem	Leif Magne Aarnes
Vara medlem	Tone Madsen
	Frank Lien

Øvrige tillitsvalde i 2014:

Revisor	Asbjørn Steen
Valnemnd	Katrine Larsen
	Bjørn Martinussen
	Hilde Søreide

Utstillings komité:

Leiar	Irene M. Sønnervik
Medlem	Tone Madsen
	Kate Yndestad
	Jan Roar Sekkelsten

Kontaktpersonar:

Instruktøransvarleg	Irene M. Sønnervik
LP-gruppa	Katrin Bøyum
Sporgruppa	Anita E. Hole og Ann-Kristin Gaare
Bruksgruppa	Gro Janne Lærum og Frode Fuglestrand
Agilitygruppa	Katrin Bøyum og Emma Reite
Turgruppa	Kate Yndestad og Tone Madsen

Klubbavisa Fjordbjeff:

Redaktør	Jan Roar Sekkelsten
----------	---------------------

I 2014 vart det sendt ut ein utgåve av Fjordbjeff, denne vart distribuert elektronisk. Styret har vedtatt å erstatte papiravisa med ny oppjustert heimeside og elektroniske nyheitsbrev.

Utstillings komité og gruppeansvarlege er oppnemnt av styret i Førde Brukshundklubb.

I løpet av 2014 har det vært avhalde 2 medlemsmøte + årsmøte og julebord i klubben. Styret har hatt 7 styremøter og behandla 34 enkeltsakar.

2014 har vore eit særst aktivt år for Førde Brukshundklubb.

Kurs

Følgjande kurs har vært avhalde i 2014:

- Problem åtferd seminar med Maj-Britt Iden
- To kvalpekurs
- Nybegynnar kurs i konkurranse lydighet
- Konkurranse lydighetskurs for vidarekomne
- Sporkurs (Brukshund)
- To nybegynnar kurs i agility
- Agilitykurs for vidarekomne
- Massasjekurs

Alle kursa har hatt godt oppmøte og klubben har totalt eit overskot frå kursverksemd på **kr. 69.248,50.**

Utstilling 2014

Utstillinga og LP-konkurransen i vår var vellukka. I 2013 gjekk utstillinga med eit økonomisk underskot som følgje av færre påmelde. Derfor valde vi i 2014 å ha utstillinga på ein dag.

Det var totalt 348 hundar påmelde. Arrangementet fekk eit økonomisk overskot på **kr. 28.486,54,-.**

Vi hadde godt med eige personell til ringane. Det var mange som hjelpte til, det set vi stor pris på. Vi håper at mange av medlemmane vil ta i eit tak også i 2015.

Styret og utstillingskomiteen har frå og med 2016 vedtatt å flytte den årlege eksteriørutstillinga frå april til 8-9.oktober. Dobbelt lydighets stevne vil fortsatt bli arrangert i april.

Aktivitetar

Dei faste treningane har gått sin gang utan nemneverdige problem, med godt oppmøte gjennom heile året.

LP

Det er ein aukande interesse for lydighet i fylket og klubbane har felles samlingar og treff fleire gonger i løpet av året. Dette er gledelig å sjå.

Det har vert arrangert 4 LP samlingar i Førde med deltakara frå heile fylket.

Klubben arrangerte to konkurransekurs i løpet av 2014, og eit nybegynnarkurs som vart avslutta med bronsemerkeprøve, der alle bestod med glans! I mai arrangerte vi eit konkurransekurs for vidarekommande, dette kurset var også fullteikna.

AG

Agility gruppa har vert særskild aktiv. Vi har fått bruke ei ballbinge på Ulltang (Kirketeig) i perioden mai – august når vi ikkje leiger ridehallen på Tefre. Det er klubben veldig glad for! Medlemmar får no tilgang til å kunne trene også på sommaren med fri tilgang til bana.

I 2014 arrangerte vi tre Agilitykurs; to nybegynnarkurs; eit på våren og eit på hausten, samt eit kurs for vidarekommande. Alle tre kursa var fullteikna.

Bruks

Brukshundtreningane har hatt betre oppmøte i år samanlikna med i fjor. I vår starta vi med å legge ut informasjon om aktuelle dagar kor det var satt opp trening. Her møtte folk opp og det vart ein fast gjeng som deltok på desse treningane. Etter kvart la vi treningane til ein fast dag i veka (torsdag).

Det vart avhalde brukshund-sporkurs i mai. Dette kurset var også fullteikna, men med eit fråfall få dagar før kursstart.

Kvalp

Klubben har arrangert to kvalpekurs, eit på våren og eit på hausen. Begge kursa var fullteikna.

KM

Klubbmesterskap blei arrangert over ei helg (18-19. oktober) med desse øvingane: Bruks, Blodspor, Lydigheit (offisiell), Agility og Match Show. Det var totalt 59 hundar påmeldt.

På match showet var Jane Nybø Torgersen dommar, i bruks Helene H. Sæterdal, på blodspor Bjørn Marthinussen, i agility Ann Kristin Håland og i lydigheit Aud Liv Nes Eide.

Årets klubbmester blei i år som i fjor og året før der, Katrin Bøyum og Figo.

Privatundervisning

Klubben har starta opp eit nytt tilbod i 2014: Privatundervisning. Ni personar har nytta tilbodet. Tilbakemeldingane har vert positive.

Turgruppa

Turgruppa hadde oppstart i 2014 med mål om ein fellestur i månaden. Oppslutnaden har vert grei og tilbodet fortsett i 2015.

Julebord

Det vart arrangert julebord for klubbens medlemmar med juletapas på menyen i november. Oppslutnad og stemning var god. Julebordet er arena for offentleggjering og premiering av årets klubbmester, samt premieutdeling for klubbmesterskap i LP.

Ny heimeside

Ny heimeside kom i drift hausten 2014, og ser ut til å fungere som planlagt. Det har vore sendt ut 2 elektroniske nyheitsbrev frå heimesida etter oppstart.

Utdanning av personell

I desember 2014 starta Frank Lien på Trinn 1 instruktørutdanning. Dette er vi veldig glad for, då klubben stadig treng fleire instruktørar.

Resultat

Regnskapsåret 2014 gir klubben et overskot på **kr. 108.893,07,-**.

Styret ynskjer alle medlemmane lukke til i 2015 med sitt arbeid med hund og hundehald.

Førde, 31.01.2015

Katrin Bøyum
leiar

Kate Yndestad
nestleiar

Irene M. Sønnervik
kasserar

Gro Janne Lærum
sekretær

Leif Magne Aarnes
styremedlem